




## Modernisten Olav Strømme - Hundreårsmarkering 1909 - 1978

Fredag 6. november opnar Kunsthuset, Ørsta Kunstlag, ei større utstilling med verk av Olav Strømme. Utstillinga er ei markering av at det er hundre år sidan denne store kunstnaren vart fødd. Kunsthuset vil då fylle opp heile huset med bilete etter Olav Strømme. Dei fleste av bileta som vil visast under utstillinga er til vanleg i samlingar som ikkje er tilgjenge for publikum, og det er derfor ein unik sjanse til å stifte nærare kjennskap til ein av våre største nasjonale modernistar.

Modernisten  
**Olav Strømme**  
Hundreårsmarkering  
1909 - 1978



**Opning fredag 6.nov. kl. 19**  
Ope laurdagar 12 - 15  
Utstillinga heng til 28.11.09  
orstakunstlag.no

 **KUNSTHUSET** 

Olav Strømme vart fødd 20. november 1909 i Ørsta, på Strømme- garden i Ytre Hovden. Eit par år etter flytta familien til Hamar, men han hadde gjennom heile livet eit nært forhold til Ørsta og Sunnmøre. I periodar budde han også heime på Strømme- garden og andre stadar på Sunnmøre. Blant anna flytta han tilbake i 1928 for å gå siste året på gymnaset, og under krigen budde han også i periodar på Sunnmøre.

At Olav Strømme kom frå ei familie med fleire kunstnarpersonlegdommar, har nok hatt mykje å seie. Onkelen Karl Straume var ein viktig årsak til at han satsa på kunsten. Ved opphald i Ørsta delte ofte Olav og Oddvar Straume, sonen til Karl Straume, arbeidsrom i gamle Grepa- huset (i dag Kunsthuset). Det var slektning og eigar Havtor Hovden som gav arbeidsrom til sine lovande slektningar. Hovden vart i det heile viktig for Strømme både økonomisk og som støtte. Olav Strømme begynte på Kunstakademiet hausten 1930, men avslutta der etter to studieår. Strømme ønskte å gå eigne vegar.

### Sterke grupperingar i kunst- Noreg

Frå tidleg på 1900-tallet og utover var det sterke grupperingar i kunst-Noreg. På den eine sida stod det som vart kalle Lysaker- krinsen, med Erik Werenskiold med fleire, og i arva etter desse kom Matisse- elvane i neste generasjon, med bla. Henrik Sørensen, som førte vidare og utvikla programmet til denne grupperinga. På den andre sida stod Christian Krogh, kunsthistorikar Jens Thiis og nyimpresjonistane som Ludvig Karsten, med fleire. Men kanskje er det like rett å her seie at denne meir lause grupperinga bestod av dei som ikkje identifiserte seg med Werenskiold- Sørensen- grupperinga. I ettertid ser ein kanskje ikkje dei avgjerande forskjellane grupperingane i mellom, men på denne tida var det sterke motsetningar. Å komme i ulike posisjonar var viktig for grupperingane, for slik kunne dei få stor innverknad i norsk kunstliv, på innkjøp, kritikk og andre kanalar. I første omgang var det Krogh- grupperinga som vann fram i knivinga om posisjonar, der Jens Thiis vart tilsett som direktør ved Nasjonalgalleriet i 1908. I

mellomkrigstida og heilt fram til 60-åra var det derimot Werenskiold- Sørensen-krinsen som regjerte.

Dette skulle få innverknad på Olav Strømme si kunstnarkarriere.

### 1935- utstillinga

Ekspresjonismeutstillinga "Nyere tysk kunst" som vart vist i Oslo og Bergen i 1932, viste nye impulsar for eit kunst-Noreg som såg til Frankrike. Utstillinga fekk hardt medfart i Noreg, for Matisse- elevane var dette også eit teikn på det politiske og samfunnsmessige forfallet i Tyskland. Olav Strømme var ein av dei som derimot såg noko nytt og spennande, impulsar utanom den rådande kunstretninga her i landet. Då Olav Strømme i 1935 stilte ut i Kunsternes Hus, saman med Bjarne Engebret, Erling Enger, Gert Jynge og Sigurd Winge, var det delvis med ekspresjonistiske impulsar. Men utstillarane viste også impulsar frå andre avantgardistiske retningar. I Olav Strømme sine bilete finn ein impulsar frå ekspresjonismen, kubismen, m.fl. Felles var nok at desse kunstnarane gjekk bort frå den franske påverkinga og rådande retningar her til lands. For Strømme spesielt medførte denne utstillinga hard medfart med sterke kritikkar. Sørensen var på denne tida sjef for innkjøpskomiteen i Nasjonalgalleriet, i tillegg til at han var konsulent for fleire av dei rike reiarane og kjøpsmennene. Slik hadde han stor makt til å påverke kva kunstretningar som fekk råde. Ingen av utstillarane på utstillinga vart såleis innkjøpt av dei større institusjonane. Men der mange kritiserte utstillinga i 1935, var det ein viktig person som såg Strømme sine evne. Rolf Stenersen (viss kunstsamling er opphavet til Stenersen- museet) la spesielt merke til Olav Strømme og kjøpte fleire verk av han frå denne utstillinga.

Då krigen kom til Noreg tok okkupasjonsmakta også grep om kunst- og kulturpolitikken. I april 1941 var det ei spesiell utstilling på Nasjonalgalleriet, som då hadde fått innsett ny direktør i tråd med tyskarane sitt kunstsyn. Med utstillinga "Kunst og ukunst – Oppryddingen" vart det tydeleg kva kunstpolitikk som skulle gjelde. Det nye og eksperimentelle vart då kategorisert som ukunst, og den vart

under utstillinga via egne visingsrom for at publikum skulle få sjå eksempel på denne ukunsten. Her var Olav Strømme plassert.



Død blomst, 1935

### Vanskelege år

Åra før, under og etter krigen var vanskelege for Strømme. Krigen førte med seg underskot på mat og økonomiske problem. Både kunstnarisk og privat var det tunge år. Etter utstillinga i 1935 hadde han begynt å tvile på seg sjølv, ekteskapet gjekk etter kvart i oppløysning og han sleit med den psykiske helsa.

Frå eksperimenteringa i 1930-åra endra stilen hans seg under krigsåra. Han gjekk bort frå det eksperimentelle og abstrakte, og søkte eit meir tradisjonelt og "lettare" uttrykk. Dette må nok sjåast i samanheng med hans situasjon og tilstand. Eit forsøk på å få normalitet inn i livet sitt. Det vart ein del brødbilete for å livnære seg. Elles landskapsbilete, gjerne med Rotsethornet, då han ei tid budde i Volda. Mor-barn-motiv vart også tilbakevendande motiv. I etterkrigstida malte han ei kort periode landskapsbilete med påverknad frå Munch. Deretter studerte han gamle meistarar, noko som førte han ut på mange utanlandsreiser. Interesse og studia av dei gamle meistrane fekk seinare betyding for teaterbileta til Strømme.

Teaterbileta er ein av seriane med måleri som Olav Strømme er kjent for. Andre viktige seriar er sildefiske, byen- bilete, død blomst. I 1938 tok Olav Strømme med dei to nære vennane sine Sigurd Winge og Rolf Nesch til Sunnmørskysten og for å vere med på sildefiske. Frå denne tida står det att viktige verk i kunsthistoria frå dei alle. Nesch og spesielt Winge var gjennom fleire år viktige personar i Strømme sitt liv.



*Sildefiske, 1938*

Olav Strømme produserte mange bilete gjennom livet. Dessverre er ein del bilete av Olav Strømme blitt øydelagde, av han sjølv. Han var sjølvkritisk, men også til tider usikker. Hans personlege problem var nok også medverkande til desse handlingane. Med nye impulsar og nye uttrykk kunne han sjå tilbake på tidlegare produksjon med kritisk blick. I åra etter krigen øydela han nokre av dei mest eksperimentelle bileta frå 1930-åra, i redsel for at dei skulle gi eit dårleg bilete av hans kunstproduksjon.

Takka vere stor produksjon og framsynte menneske som Rolf Stenersen er viktige bileta frå denne tida bevart. På 70- talet var det naturalistiske motiv og overflatiske versjonar over populære motiv han ønskte å få vekk frå sin fortidige produksjon. Det abstrakte amerikanske måleriet voks fram og fekk utover 60-tallet stor innverknad på Strømme. Oppdaginga av dette gav Strømme også ei viktig stadfesting på sitt eige kunstnariskap. Utover 60- og 70- åra arbeidde han vidare med det abstrakte biletet. I ettertid er det særskilt bileta frå 30- talet og frå midten av 60- åra som står som viktige arbeid i Olav Strømme sin kunstproduksjon.



*Landskap i tre satser, 1974*

## Materialbilette

Olav Strømme eksperimenterte også med materialbilette. Frå å måle på ulike underlag til å legge til material i bileta, eksperimenta var mange. I ettertid er det relieffbiletta med plastonit som er mest kjent, der han med ein såkalla pulver-teknikk kombinert med ulike material arbeida fram bileta. Elles eksperimenterte han også med mosaikk. Ei av få utsmykkingar han gjorde er laga i ein slags mosaikk- teknikk. Dette er ei altertavle, som også er utvikla vidare frå det kjente byen- motivet. Altertavla – ”*Det himmelske Jerusalem*” står i Lilleborg kyrkje.



*Utsnitt frå altertavla i Lilleborg kyrkje.*

Utsmykkingar var som sagt ikkje nokon stor del av Olav Strømme sin produksjon, men utsmykkinga av Furuset stasjon står likevel igjen som ein svært viktig del av hans kunstnarskap. Oppdraget vart fullført i februar 1978, berre tre månadar før han døydde. Utsmykkinga gjekk føre seg under vanskeleg forhold, både med tanke på materiale og arbeidsforhold. Viten om at utsmykking i slike omgivningar ofte øydeleggast av tagging og anna hærverk, fekk Strømme til å forske på ulike malingstypar som kunne tåle fjerning av tagging utan å øydelegge målinga under. I det heile var dette eit oppdrag Strømme tok alvorleg og jobba hardt og mykje med. Kanskje for hardt – av fleire er det påpeikt at påkjenninga under arbeidet kan ha

hatt medverknad på at han kort tid etter døydde. Samstundes var dette eit oppdrag Strømme lyktast godt med, han var sjølv fornøgd og mottakinga og kritikken var god. Dessverre står det i dag berre restar igjen etter dette meisterverket. Tross Strømme sine forsøk på å finne ein type måling som kunne tåle fjerning av tagging, viste det seg at det var fånytt. Hærverk, forfall og mangel på tiltak for bevaring frå eigar, samt ombygging, har øydelagt utsmykkinga. Sjølv om privatpersonar og kunstnarar har kjøpt for bevaring og tilbakeføring, står berre fragment etter eit stort kunstverk igjen i dag. Som ei fattig trøyst står likevel ettermålet igjen. Om utsmykkinga som vart ståande som ei suksessfull avslutning på eit turbulent kunstnarskap.

Som sagt innleiingsvis fekk grupperingane og rådande kunstretningar i kunst-Noreg konsekvensar for Strømme. Som vi har sett gjorde dette m.a. at kunstnarar utanfor rådande retningar ofte ikkje vart innkjøpt. Olav Strømme var gjennom heile si karriere ein som gjekk sine egne vegar, og slik har han også hamna litt utanfor den kanoniserte norske kunsthistoria. Men sjølv om Strømme ikkje alltid oppnådde den heidringa han fortjente, oppnådde han likevel ein viktig posisjon også medan han levde. Lista over utstillingar han deltok på er lang. Både i innland og utland stilte han ut på prestisjefulle institusjonar, han har delteke på Haustutstillinga, Vestlandsutstillinga, Verdsutstillinga og er innkjøpt av Nasjonalgalleriet, Samtidskunstmuseet (i dag begge Nasjonalmuseet), og andre store aktørar. I fleire store utstillingar siste åra som har vist viktige norske kunstnarar i mellom- og etterkrigstida blir han løfta fram som ein sentral skikkelse.

I høve hundreårsmarkeringa vil også Kunstmuseet Kube ha ei større utstilling med verk av Olav Strømme. Per Hovdenakk, vår fremste ekspert på Olav Strømme, har laga ny katalog so, vil bli til sals i baa stadar. Hovdenakk vil også vere tilstades under opninga fredag i Kunsthuset.

Når vi no skal feire vår eigen Olav Strømme, gir det eit spesielt sus å tenke på at i same huset sat Strømme sjølv og måla. Velkomne til hundreårsmarkering i Kunsthuset, på Havtor Hovden- plassen i Ørsta sentrum!

Kjelder:

Danbolt, Gunnar, "Norsk kunsthistorie. Bilde og skulptur frå viktigtida til i dag,"

Samlaget 2001

Hovdenakk, Per, "Olav Strømme," Labyrinth Press 2003

Kunstreisen 13.06.09 med Gunnar Danbolt, nrk.no/P2

Stina Aasen Lødemel

Ørsta Kunstlag

[www.orstakunstlag.no](http://www.orstakunstlag.no)